

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.11.2017

Renate Møgster Klepsvik (Frp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er medlem i Austevoll kommunestyre, som har behandla brevet som er omtalt i RS 67/17. Klepsvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Renate Møgster Klepsvik ikkje var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

I samband med RS 67/17 «Finansiering av ny nattavgong på ferjesambandet Hufthamar-Krokeide» oppmoda **Renate Møgster Klepsvik (Frp)** om at problemstillinga som er reist i brevet frå Austevoll kommune vert vurdert i det politiske arbeidet med neste års budsjett.

Vedtak

Referatsaker 67-69/17 vart tekne til orientering.